

## Høyringsuttale – Lesja ungdomsråd

Sak: Offentleg grunnskoletilbod i Lesja kommune

Lesja ungdomsråd viser til saka om framtidig skulestruktur i Lesja kommune.

Dette er ei svært viktig sak for oss. Det handlar om kvardagen til barn og unge, og om framtida i Lesja.

Ungdomsrådet har over tid peika på fleire forhold i høve skulestruktur:

- barnets beste må liggje til grunn
- skuleveg og kvardag for elevane må vurderast nøye
- skule, bustad og lokalsamfunn heng saman
- det er behov for føreseielegheit for barn og familiar

Lesja ungdomsråd var i mot nedlegging av ungdomsskulen på Lesjaskog, mellom anna med bakgrunn i barnas beste og omsyn til ei mogleg framtidig kommunesamanslåing.

Ungdomsskulen vart likevel lagt ned, og elevane vart flytta mot sin og familieane sin vilje.

No registrerer vi at alle elevane som soknar til Lesjaskog skule har søkt seg til den private skulen. Dette oppfatar vi som eit tydeleg uttrykk for kva elevar og føresette ønskjer.

På bakgrunn av dette meiner Lesja ungdomsråd at kommunen må leggje dette til grunn i det vidare arbeidet.

Vi ønskjer at Lesja kommune:

- legg til rette for at den private skulen kan starte opp hausten 2026
- sikrar at nødvendige avklaringar og tiltak kjem på plass
- bidreg til at skulen får ein reell moglegheit til å lykkast
- vurderer å selje skulebygget til friskulen til ein låg pris, til dømes 100 kroner, for å bidra til ein god oppstart

For oss handlar dette om meir enn struktur og økonomi. Det handlar om barn og unge sin kvardag, tryggleik og tilhøyre – og om utvikling av lokalsamfunnet Lesja.

Dette er viktig for oss.

LUR-Lesja ungdomsråd